

Vestland fylkeskommune

Vår referanse:
2024/11220 - 1

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Yngve Hallén

Dato:
24.10.2024

Fylkeskommunale tilskot til sentera VilVite og ViteMeir

Sognarådet IPR er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har i møtet 18. oktober vedteke følgjande uttale:

Sognarådet vil oppmode fylkeskommunen å justere sitt stønadsbeløp til sentera VilVite (Bergen) og ViteMeir (Sogn) i samsvar med prisutviklinga.

Staten har regulert sitt tilskot i samsvar med prisutviklinga.

Kommunane i Sogn har hatt treårige bruksavtalar med ViteMeir. Desse er no fornya og prisveksten er lagt inn, og vil framover ha ei årleg justering i samsvar med konsumprisindeksen.

Dersom ikkje fylkeskommunen justerer sitt stønadsbeløp vil dette gå ut over det viktige arbeidet og tilbodet som desse sentera yter.

Med helsing
Roy Egil Stadheim
rådsleiar

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.